



MØTEBOK ULLENSVANG FJELLSTYRE

Tidspunkt: Måndag 5. mars 2018 kl. 1745-2000

Stad: Heradshuset i Kinsarvik

Desse møtte: Steinar Langesæter, Ragnar Ystanes, Synnøva Sæbø, Hildegunn Espe, Jørund Kvestad

Andre til stades på møtet: Steinar Lund (sekretær)

Saker til styremøtet:

UFS 10/18: Meldingar

UFS 11/18: Referat frå møte 19. og 22. januar 2018

UFS 12/18: anbodsprosess ny do på Hansbu

UFS 13/18: Rekneskap 2017

UFS 14/18: Årsmelding 2017

UFS 15/18: Hytteutleige 2018, utleigeordning og prisar

UFS 16/18: Elgjakt 2018-2019

UFS 17/18: Reinsjakta 2018, søknadsprosess og prisar

UFS 18/18: Budsjett 2018

UFS 19/18: Avtale med Skjold Beitelag

UFS 20/18: Kvoteforslag reinsjakta 2018

UFS 21/18: Eventuelt

Steinar Langesæter/s/ Jørund Kvestad/s/ Hildegunn Espe/s/

Ragnar Ystanes/s/ Synnøva Sæbø/s/

Kopi til:

Fjellstyremedlemmer

Varamedlemmer

Fjellstyra på Hardangervidda as

Norges Fjellstyresamband

Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog

Odda kommune

Ullensvang herad

Hardanger Folkeblad



UFS 10/18: Meldingar

Saksdokument:

- 2018.01.29-012.2-Ullevang fjellstyre møtebok 19.1.2018
- 2018.01.29-012.2-Ullevang fjellstyre møtebok 22.1.2018
- 2018.01.29-145.4. Ullevang fjellstyre-Søknad om midlar frå Grunneigarfondet til fjellstyrehytte ved Nedsta Krokavatnet
- 2018.01.29-123.Ullevang Rekneskap-Rekneskap 2017
- 2018.01.30-145.4. Ullevang fjellstyre-Søknad om midlar frå Grunneigarfondet til traktorslepa Sandhaug-Hansbu
- 2018.01.31-612.0.Miljødirektoratet-Høyring-forslag om å oppheve hjorteviltforskrifta § 30
- 2018.01.31-145.3.Fjellstyresambandet-Støtte til rekrutteringstiltak 2017
- 2018.02.01-352.1.Ullevang fjellstyre-Utkast kontrakt arbeid traktorslepa
- 2018.02.06-032.Ullevang herad-Husleigeavtale og kommunalt tilskot
- 2018.02.21-612.3.Hardangervidda villreinutval-Invitasjon til vårmøte
- 2018.02.21-411.4.Ullevang fjellstyre-Motorferdselløyve trakkemaskin 2018
- 2018.02.21-612.1.Hardangervidda villreinutval-Høyring på forslag til villreinkvote for Hardangervidda hausten 2018
- 2018.02.22-035.2.Ullevang herad-Kopi av oversending av søknad om løyve til oppføring av fellestolett på Hansbu
- 2018.02.22-352.1. Nå Maskin as-Signert kontrakt utbetring av traktorslepa

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Orientering ved sekretær. Invitasjon til vårmøte blir sendt ut til styremedlemmene.

Vedtak (sak UFS 10/18):

Styret tek meldingane til orientering.



UFS 11/18: Referat frå møte 19. og 22. januar 2018

Saksdokument:

- 11-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 19. januar 2018
- 11-18 Møtebok frå møte i Ullensvang fjellstyre 22. januar 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Vedtak (sak UFS 11/18):

Styret godkjenner refererata frå møtet 19. og 22. januar 2018.

Samrøystes vedteke.

UFS 12/18: Anbudsprosess ny do på Hansbu

Saksdokument:

- 12-18 Skriv frå Georg Gjøstein om anbudsprosessen
- 12-18 Prisestimat Hardangervidda fjelloppsyn

Saksutgreiing:

I sak 09/18 på møtet 22. januar 2018 vedtok fjellstyret å leggja arbeidet med bygging av ny do på Hansbu ut på anbud. Det blei vedteke å invitere aktuelle entreprenørar og fjelloppsynet til å gi pris på arbeidet.

Etter førre fjellstyremøte gav Georg Gjøstein, dagleg leiar i Hardangervidda Fjelloppsyn, ei tilbakemelding til fjellstyret der han kom med forslag til rutinar for saksgang når fjellstyra skal ha utført mindre bygge-/vedlikehaldsprosjekt (sjå vedlegg til saka). Forslaget går ut på at fjellstyra bør fyrst høyre med fjelloppsynet om dei har kapasitet til å ta på seg oppdraget. Dersom fjellstyret ynskjer at andre skal utføre oppdraget, blir det anbudsrunde utan at fjelloppsynet deltek.



Dette er basert på at fjelloppsynet er avhengig av ein viss oppdragsmengde i felt for fjellstyra, og at slike oppdrag er med på å sikre økonomien til selskapet. Slik arbeid er refusjonsberettiga, og timeprisen blir difor låg. Samstundes vil dette arbeidet kunne kombinerast med anna feltarbeid for fjellstyret, og byggekostnadane til fjellstyret blir difor lågare ettersom deler av desse timane elles hadde vorte brukt til anna arbeid. Det blir understreka at fjelloppsynet må rapportere til Statskog alle timar som blir utført. Det er difor ikkje råd for fjelloppsynet å setje ein fast pris på ein jobb (som jo er naudsynt i eit anbod). Fjelloppsynet kan stipulere kor mange timar dei meiner arbeidet vil ta, og slik kome til ein omtrentleg kostnad. Eit anna tilhøve som fjelloppsynet meiner tilseier at det må avgjerast om fjelloppsynet kan utføre eit arbeid før ein eventuell anbodsprosess, er at sekretæren vil bli ugild i saka dersom fjelloppsynet skal delta i anbodsprosessen.

På grunnlag av dette kan fjellstyret vurdere å gjere om på vedtaket i sak 09/18.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Det blei diskutert ein del rundt kostnaden for prosjektet, fordeling mellom fjellstyret og dei andre hytteeigarane på Hansbu, og praktiske ordningar rundt tømning av do og anna. Rammene for kostnadsfordeling er teke opp med hytteeigarane tidlegare. Konkrete detaljar rundt avtalen med dei andre hytteeigarane og den praktiske organiseringa av «drifta» av doen må opp som eiga sak i fjellstyret på eit seinare møte.

Steinar Langesæter kom med framlegg om fyljande vedtak:

Ullensvang fjellstyre gjer om på vedtaket i sak 09/18, og vedtek å inngå avtale med Hardangervidda Fjelloppsyn om oppsetting av ny do på Hansbu, basert på prisestimatet utarbeida av Hardangervidda Fjelloppsyn. Arbeidet skal vera ferdig innan 1. juli 2019.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 12/18):

Ullensvang fjellstyre gjer om på vedtaket i sak 09/18, og vedtek å inngå avtale med Hardangervidda Fjelloppsyn om oppsetting av ny do på Hansbu, basert på prisestimatet utarbeida av Hardangervidda Fjelloppsyn. Arbeidet skal vera ferdig innan 1. juli 2019.

Samrøystes vedteke.



UFS 13/18: Rekneskap 2017

Saksdokument:

- 13-18 Resultat 2017
- 13-18 Balanse 2017

Saksutgreiing:

Rekneskapen for 2017 syner eit overskot på kr 342.082,-. Fjellstyret har hatt inntekter på 1.166.782,- i 2017. Hovudinntekta er sal av jaktkort. Driftskostnadane var på 848.347,-. Bruk av helikopter utgjorde ei særskild stor utgift i 2017. Sekretær går gjennom rekneskapen på møtet.

Rekneskapen er sendt til revisjon, men revisjonen er ikkje gjennomført enno. Rekneskapen må godkjennast med atterhald om godkjenning frå revisor.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Rekneskapen blei gått gjennom. Sekretær og leiar orienterte om dei postane der styremedlemmene hadde spørsmål.

Steinar Langesæter kom med framlegg om å godkjenna rekneskapen med atterhald om godkjenning frå revisor.

Styret slutta seg til dette.

Vedtak (sak UFS 13/18):

Ullensvang fjellstyre godkjenner rekneskapen med atterhald om godkjenning frå revisor.

Samrøystes vedteke.



UFS 14/18: Årsmelding 2017

Saksdokument:

14-18 Utkast årsmelding 2017

Saksutgreiing:

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak

Referat:

Framlegg til årsmelding blei raskt gått gjennom. Nokre mindre endringar blei gjort.

Vedtak (sak UFS 14/18):

Ullensvang fjellstyre godkjenner framlegg til årsmelding med nokre små justeringar.

Samrøystes vedteke.

UFS 15/18: Hytteutleige 2018, utleigeordning og prisar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Sakshandsamar har fyljande framlegg til utleigeordning:

Utleigeløysinga er basert på bruk av Inatur si løysing for nettbasert sal. Bestilling av leige blir gjort ved å velje datoar i ein kalender, som vist i figuren under. Nettløysinga vil bli demonstrert på møtet.



scanatura

Ullensvang Fjellstyre Hytteutleie [Ullensvang Fjellstyre] ▼ Bruker : Ullensvang Fjellstyre

MENY ▶

Vald/Sone	Ullsbu ▼					
Korttype	Leie av hele hytta ▼					
Antall dager	1 ▼					
← Juni 2018 →						
Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørdag	Søndag
28	29	30	31	1	2	3
4	5	6	7	8	9	10
11	12	13	14	15 NOK 480	16 NOK 480	17 NOK 480 1 Ledig
18 NOK 480 1 Ledig	19 NOK 480 1 Ledig	20 NOK 480 1 Ledig	21 NOK 480 1 Ledig	22 NOK 480 1 Ledig	23 NOK 480 1 Ledig	24 NOK 480 1 Ledig
25 NOK 480 1 Ledig	26 NOK 480 1 Ledig	27 NOK 480 1 Ledig	28 NOK 480 1 Ledig	29 NOK 480 1 Ledig	30 NOK 480 1 Ledig	1 NOK 480 1 Ledig

I tillegg til at leigetakarar kan kjøpe leige sjølv kan fjellstyret ordne sal «manuelt» (forhandlarløysing). Det er ei god løysing for dei som ikkje kan kjøpe leige direkte på nett.

I sommarsesongen (15. juni til 18. august) er det berre mogleg å leige heile hytta. Det betyr at det ikkje kan kjøpast enkeltssenger. Årsaka til dette er at dei som leiger om sommaren i liten grad er interessert i å dele hytta med andre. Det vil bety ei dyrare leige enn tidlegare, men i og med at heile hytta blir oppteken når ein eller to personar leiger, så er det naturleg. Prisen for å leige heile hytta blir basert på tal senger det er i hytta, dvs. at kvar del av Raudåna vil koste 4 x pris per seng. Det blir tilrådd eitt unntak frå dette: Ullsbu på Hansbu, som har seks senger, kan med fordel leigast ut til ein pris som er noko lågare enn 6 x tal senger – til dømes 520,- (4x130,-).

I reinsjakta (frå og med 18. august) er jegerane meir innstilt på å dele hytta med andre, og det kan då opnast for å både leige heile hytta og leige enkeltssenger. Prisen for å leige heile hytta vil då for alle hyttene bli basert på tal senger (seks senger for Ullsbu).

Prioritering av innanbygdsbuande:

For at innanbygdsbuande i Ullensvang herad skal få fyrsterett til å leige hyttene kan ein opne for at berre leigarar med visse postnummer kan kjøpe leige i ein periode, før det blir opna for at alle kan kjøpe. Fram til ein viss dato kan berre personar med eit av fyljande postnummer kjøpe leige:



5773 HOVLAND
5776 NÅ
5777 GRIMO
5778 UTNE
5779 UTNE
5780 KINSARVIK
5781 LOFTHUS
5782 KINSARVIK
5787 LOFTHUS
5788 KINSARVIK
5734 VALLAVIK

Forslag til ordning for prioritering av innanbygdsbuande:

- Fram til 1. juli: sperra på postnummer i Ullensvang herad.
- Frå 1. juli: Opna opp for at alle kan kjøpe leige fram til jakta (t.o.m. 17. august).
- I jakta (frå og med 18. august): Sperra på postnummer i Ullensvang herad fram til 1. august.

Når ein kunde har gjennomført eit kjøpt får han tilsendt ein e-post som kvittering for kjøpet. Her vil koden til nøkkelboksen stå, i lag med hyttereglar og eventuelt anna info.

Fjellstyret kan velje å ha ei avbestillingsordning. Tidlegare praksis har vore at leigar slepp å betale dersom han avbestiller ei veke før leiga byrjar. Refusjon ved avbestilling er noko meir komplisert ved denne løysinga, sidan betalinga allereie er gjennomført. I fylgje Inatur er den mest vanlege avbestillingsordninga som fylgjer:

Ved avbestilling inntil 30 dagar før opphaldet blir 90% av summen refundert.

Ved avbestilling inntil 21 dagar før opphaldet startar blir 50 % av summen refundert.

Ved avbestilling 20 dagar eller mindre før opphaldet blir det ikkje gitt refusjon.

Dette må gjerast manuelt av sekretær for fjellstyret, og det er difor naturleg at ikkje heile summen blir refundert (dekker meirarbeidet). Sakshandsamar tilrår at fjellstyret innfører ei avbestillingsordning som nemnt over.

Sakshandsamar tilrår at det blir opna for utleige til og med 31. oktober.

Kostnadane ved bruk av Inatur-løysinga:

Årleg grunnavgift til Inatur: 2000,-

Direktesal på nett: 10% + mva av kvart sal



Sal via forhandlarløysing der kunden får tilsendt faktura via Inatur: 10% + mva av kvart sal

Sal via forhandlarløysing der fjellstyret sjølv fakturerer: 3 % + mva av kvart sal

Framlegg til prisar for hytteleige i 2018:

Hytteteleige	Framlegg til prisar 2018		
	Pris pr. døgn pr. person (2017)	Pris pr. døgn pr. person	Pris ved utleige av heile hytta
Ullsbu	120,-	130,-	520,-/780,-*
Rogdabu	80,-	110,-	220,-
Naustet	100 / 40 (ulåst del)	130/80 (ulåst del)	520,-
Raudåna	120,-	130,-	520,-**
Raudåna – oppsynshytta	110,-	130,-	260,-
Persbu	100,-	110,-	220,-

* 780,- for leige av heile hytta i reinsjakta

** Pr. del (4 sengeplassar i kvar)

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret gir sekretær fullmakt til å utarbeide utleigeordning som nemnt i sakspapira.

Fjellstyret vedtek framlegg til prisar for hytteleige i 2018 som nemnt i sakspapira.

Referat:

Framlegg til utleigeordning og prisar blei gått gjennom. Styret gav tilbakemelding om at dette var ei løysing dei ynskjer å nytta seg av. Aktuell utleigeperiode er 15. juni til 31. oktober. Det blei diskutert om det skulle opnast for utleige i vinterhalvåret, til dømes i påsken. Styret vart einige om å ta dette opp til diskusjon til hausten, då utleigeordninga ikkje vil bli klar til denne vintersesongen.

Hildegunn Espe kom med innspel om at det burde vore ein høgare pris for utanbygdsbuande enn innanbygdsbuande. Sekretær kommenterte at det er usikkert om det er mogleg å skilja i pris mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande i utleigeordninga. Jørund Kvestad kom med framlegg om å ha lik pris for alle i år. Styret slutta seg til dette.

Styret slutta seg elles til framlegg til vedtak.

**Vedtak (sak UFS 15/18):**

Fjellstyret gir sekretær fullmakt til å utarbeide utleigeordning som nemnt i sakspapira.

Fjellstyret vedtek framlegg til prisar for hytteleige i 2018 som nemnt i sakspapira.

Samrøystes vedteke.

UFS 16/18: Elgjakt 2018-2019**Saksdokument:**

- 16-18 Elgjaktprisar 2017
- 16-18 Generelle bestemmelsar
- 16-18 Reaksjonar ved kontraktsbrot

Saksutgreiing:**Søknadsprosess**

Fjellstyret har dei siste åra brukt søknadsportalen på Inatur for å lyse ut elgjakta for to år i slengen. Det inneber at Inatur/fjellstyresambandet får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta. Sakshandsamar tilrår at denne løysinga blir nytta også for utlysing av elgjakta for åra 2018 og 2019.

Fredingssoner

Fredingssonene i reinsjakta har dei siste åra også vore unnateke elgjakt i reinsjaktperioden (heimel: fjellova § 23). Fjellova stiller primært eit krav om at regulering til fordel for ein art skal skje av omsyn til denne arten. Det kan gjerast unntak i særskilde tilfelle (jf. vedtak i klagesak om freding av rypebestanden i 2014).

I klagesaka om freding av småvilt i fredingssonene uttalte Miljødirektoratet at omsynet til villreinen sin bruk av området ikkje åleine var tilstrekkeleg til å kunne frede småviltet i fredingssona. Det måtte i tillegg kunne påvisast at fredinga er naudsynt av omsyn til rypebestanden. Klaga blei ikkje teke til fylgje, og Fellesstyret sitt vedtak blei ikkje omgjort.

Sakshandsamar har vanskeleg for å sjå at det av omsyn til elgbestanden skal vera fredingssoner på valdet. Ein kan argumentere for at fredingssonene også skal gjelde for elgjakta av omsyn til villreinen, men som Miljødirektoratet skriv er ikkje dette tilstrekkeleg til å gjere eit slikt vedtak, det må også vera av omsyn til bestandssituasjonen for den arten vedtaket gjeld. Sakshandsamar tilrår difor at fredingssonene ikkje blir gjeldande for elgjakta.



10-årsplan

Det skal vera ei rimeleg fordeling mellom innan- og utanbygdsbuande, jf. forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 3. Det har vore ein praksis at innanbygdsbuande kan forfordelast i maksimalt 60 % av jakta, jf. tolking av fjellova i brev frå Miljøverndepartementet av 7. april 2009 og retningslinjer til forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning. Eit jaktlag blir definert som innanbygdsbuande viss fleire enn halvparten av jegerane, inkludert jaktleiaren, er fast busett i kommunen på datoen for søknadsfrist. For å oppretthalde fordelinga mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande jegerar må fjellstyret utarbeide ein plan som viser korleis balansen blir oppretthalden over tid. Sakshandsamar tilrår at fjellstyret vedtek ein tiårsplan gjeldande frå 2012. Jakta blir tildelt for to år i slengen. Frå starten av elgjakta på valdet i 2012 har fordelinga av innanbygds og utanbygds jegerar vore slik:

2012-2013: innanbygds

2014-2015: utanbygds

2016-2017: utanbygds

Ein tiårsplan gjeldande frå 2012 til 2021 tilseier difor at innanbygds jaktlag kan prioriterast i dei to neste periodane, slik at jakta i denne 10-årsperioden blir tildelt til innanbygdsbuande i 3 av 5 periodar.

Prisar elgjakta 2018-2019

Prisane for elgjakta har fram til no vore slik:

Grunnavgift okse: 3000,-

Grunnavgift kalv: 2000,-

For felte dyr blir det betalt kilopris med utgangspunkt i fyljande gjennomsnittsvekter og pris pr. kg:

Vaksen okse, 200 kg, pris 70,-/kg

Kalv, 50 kg, pris 50,-/kg

I sluttoppgjeret for felte dyr vert grunnavgifta trekt frå.



Valdet ligg høgt til fjells, og jakta så seint på året er krevjande (elgjakta startar 25. september). Det kan difor forsvarast å ha ei nokså låg grunnavgift. Sakshandsamar foreslår fylgjande grunnavgift i 2018 og 2019:

Grunnavgift kalv: 2500,-

Grunnavgift ku: 3000,-

Grunnavgift okse: 3500,-

Kiloprisen kan slik sakshandsamar vurderer det fylje prisane som dei andre fjellstyra nyttar seg av. Pristabellen som ligg vedlagt saka er ein standardtabell for bruk i statsallmenningar (gjeldande for 2017). Det er to prisar i denne tabellen, for å skilje mellom vald der ein kan forsvare å ta ein høgare pris, og der det er meir naturleg å ha ein lågare pris. For valdet på Ullensvang statsallmenning kan det argumenterast for å ikkje ta den høgaste prisen. Tilkomsten er tungvint, og det er dyrt å få frakta ut kjøt. Sakshandsamar føreslår å ta utgangspunkt i dei lågaste prisane

Sidan det er vanskeleg å få gjennomført ei veging av dyra som blir felt, foreslår sakshandsamar at oppgjer for felte dyr blir basert på ei snittvekt for kvar dyrekategori. I fylgje dei generelle bestemmelsane for elgjakt, utarbeida av fjellstyresambandet, kan fjellstyret vedta at avrekning for felt dyr skal skje etter middelvektene i distriktet. Frå Hjorteviltregisteret finn eg fylgjande snittal for perioden 2010 til 2017:

	Buskerud	Telemark	Vinje kommune
Kalv, hann	62,9	58,2	58,3
Kalv, ho	57,8	54,4	60,6
1 ½-åring ho	120,1	115,4	123,2
1 ½-åring hann	125,9	120,2	130,9
Vaksen ku	160,0	161,5	162,1
Vaksen okse	190,1	186,9	193,8

Det er registrert svært få slaktevekter på vald i Hordaland, og dette er difor ikkje teke med.

Sakshandsamar foreslår fylgjande snittvekter som grunnlag for oppgjer for felte dyr:

Kalv: 60 kg

1 ½-åring: 125 kg

Vaksen ku: 161 kg

Vaksen okse: 190 kg

Oppgjeret blir då , til dømes for ku: 161 kg x prisalternativ 1 i tabellen (i 2017: 84,58,-). Det ser ut til at det blir utarbeida ein tabell årleg, så sakshandsamar føreslår at det blir teke utgangspunkt i tabellane som gjeld for 2018 og 2019.



Kvota blir tildelt som kalv, vaksen ku eller vaksen okse. Med ei fast snittvekt som grunnlag for sluttoppgjæret er det fare for at jaktlaga vil skyte dei største dyra dei ser for å få mest mogleg att for pengane. Difor foreslår sakshandsamar å ha med kategorien 1 ½-åring. Jaktlaget kan velje å jakte 1 ½-åring ku i staden for vaksen ku, og 1 ½-åring okse i staden for vaksen okse. Det er ein føremon for bestanden dersom ein ikkje alltid skyt ut dei vaksne produksjonsdyra. For å ha ein viss kontroll på kva som blir jakta er det ein fordel om fjellstyret har som krav at underkjeven av felte dyr skal leverast inn.

Regulering av elgjakta 2018-2019:

Sakshandsamar tilrår at dei generelle retningslinjene utarbeida av fjellstyresambandet blir brukt som reglar for jakta, med fylgjande tillegg/presiseringar:

5. Veiing/kontroll: jf. bokstav d) i dei generelle retningslinjene skal oppgjæ for felt dyr skje etter fylgjande middelvekter:

Kalv: 60 kg

1 ½-åring: 125 kg

Vaksen ku: 161 kg

Vaksen okse: 190 kg

6. Ved jaktslutt: tilleggspunkt:

e) Underkjeve frå alle felte dyr skal leverast inn etter jakta

f) Sett elg-skjema skal leverast inn etter jakta

Framlegg til vedtak:

- Inatur/fjellstyresambandet får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2018 og 2019.

Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning, med fylgjande tillegg/presiseringar:
5. Veiing/kontroll: jf. bokstav d) i dei generelle retningslinjene skal oppgjæ for felt dyr skje etter fylgjande middelvekter:
Kalv: 60 kg
1 ½-åring: 125 kg
Vaksen ku: 161 kg



Vaksen okse: 190 kg

6. Ved jaktslutt: tilleggspunkt:

e) Underkjeve frå alle felte dyr skal leverast inn etter jakta

f) Sett elg-skjema skal leverast inn etter jakta

Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

- Fjellstyret nyttar prisalternativ 1 i den til ei kvar tid gjeldande «Prisliste elg-/hjortejakt» utarbeida av fjellstyresambandet som grunnlag for oppgjær for felte dyr.
- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2018 og 2019:
Grunnavgift kalv: 2500,-
Grunnavgift ku: 3000,-
Grunnavgift okse: 3500,-
- Fjellstyret vedtek ein 10-årsplan for fordeling av jakta mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande gjeldande frå 2012 til 2021. Innanbygdsbuande jaktlag kan prioriterast i dei to periodane 2018-2019 og 2020-2021, slik at jakta i 10-årsperioden blir tildelt innanbygdsbuande i 3 av 5 periodar (60 %).

Vedtaket er gjort med heimel i § 3 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

- Fredingssone i reinsjakta gjeld ikkje for elgjakta på Ullensvang statsallmenning.

Referat:

Det blei diskutert om det skal opnast for jakt i heile valdet, eller om noko areal skal haldast utanom, som til dømes fredingssone i reinsjakta. Styret blei einige om at heile valdet skal gjelde som jaktareal.

Fjellstyret stilte seg bak framlegg til vedtak.

Vedtaket (sak UFS 16/18):

- Inatur/fjellstyresambandet får fullmakt til å gjennomføre trekking og tildeling av elgjakta for åra 2018 og 2019.

Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.



- Dei generelle retningslinjene for elg- og hjortejakt i statsallmenning blir gjort gjeldande for elgjakta på Ullensvang statsallmenning, med fyljande tillegg/presiseringar:
 - 5. Veiing/kontroll: jf. bokstav d) i dei generelle retningslinjene skal oppgjer for felt dyr skje etter fylgjande middelvekter:
 - Kalv: 60 kg
 - 1 ½-åring: 125 kg
 - Vaksen ku: 161 kg
 - Vaksen okse: 190 kg
 - 6. Ved jaktslutt: tilleggspunkt:
 - e) Underkjeve frå alle felte dyr skal leverast inn etter jakta
 - f) Sett elg-skjema skal leverast inn etter jakta

Vedtaket vert gjort med heimel i § 8 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

- Fjellstyret nyttar prisalternativ 1 i den til ei kvar tid gjeldande «Prisliste elg-/hjortejakt» utarbeida av fjellstyresambandet som grunnlag for oppgjer for felte dyr.
- Fjellstyret vedtek fyljande grunnavgift i 2018 og 2019:
 - Grunnavgift kalv: 2500,-
 - Grunnavgift ku: 3000,-
 - Grunnavgift okse: 3500,-
- Fjellstyret vedtek ein 10-årsplan for fordeling av jakta mellom innanbygdsbuande og utanbygdsbuande gjeldande frå 2012 til 2021. Innanbygdsbuande jaktlag kan prioriterast i dei to periodane 2018-2019 og 2020-2021, slik at jakta i 10-årsperioden blir tildelt innanbygdsbuande i 3 av 5 periodar (60 %).

Vedtaket er gjort med heimel i § 3 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

- Fredingssonene i reinsjakta gjeld ikkje for elgjakta på Ullensvang statsallmenning.

Samrøystes vedteke.



UFS 17/18: Reinsjakta 2018, søknadsprosess og prisar

Saksdokument:

Saksutgreiing:

Sakshandsamar tilrår at fjellstyret nyttar seg av Inatur for søknadsprosess, trekking og tildeling av reinskort også i år.

Dersom kvota for Hardangervidda blir 1500, med den fordelinga villreinutvalet tilrår, vil det tilsei om lag 54 stk. fritt dyr, 27 stk. simple/ungdyr og 27 stk. kalv. Med så lite kort er det lite aktuelt å opne for søknadar frå utanbygdsbuande jegerar. Ei naturleg inndeling i pakkar er fritt dyr i ei pakke, og simple/ungdyr inkl. kalv i ei pakke.

Prisane for reinskort på Ullensvang statsallmenning har vore stort sett uendra dei siste åra (sjå tabell under). Fjellstyret bør ha ei jamn moderat auke i prisane, for å halde tritt med prisveksten elles. I tabellen under er det lagt inn forslag til prisar for 2018. Det er lagt opp til ein auke i prisane på 200,- for fritt dyr, og 300,- for simple/ungdyr og kalv. Etter at det blei lagt til ein kalv på kvart kort med simple/ungdyr for eit par år sidan gjekk fjellstyret sin pris for denne pakka ned. Det er difor naturleg å justere denne prisen noko meir enn prisen på fritt dyr.

Tabell 1. Prisar for reinskort på Ullensvang statsallmenning for innanbygdsbuande dei siste åra, med framlegg til prisar for innanbygdsbuande jegerar i 2018.

	2015	2016	2017	2018
Fritt dyr	1650		1700	1900
S/u	1100			1200
S/u inkl. kalv		1500	1500	
Kalv	550			600

Prisramma for fellingsløyve på villrein er definert i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13. Prisane som er foreslått her er ein god del lågare enn ramma, også med dobbel pris til utanbygdsbuande.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret nyttar seg av Inatur til sal av reinskort, som i 2017. Sekretær får fullmakt til å setje opp salssider og tilbod. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket vert gjort med heimel i fjellova § 23 og 24.



Fjellstyret vedtek fyljande prisar for reinskort i 2018:

	2018
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.

Referat:

Det blei diskutert om fjellstyret skal ha kortreturordning i år. Sekretær informerte om at dette er tenkt å ha som sak på neste fjellstyremøte.

Saka blei kort diskutert. Styret slutta seg til framlegg til vedtak.

Vedtak (sak UFS 17/18):

Fjellstyret nyttar seg av Inatur til sal av reinskort, som i 2017. Sekretær får fullmakt til å setje opp salssider og tilbod. Fjellstyret gjev samstundes fullmakt til at trekking og sal av jaktkort vert gjort av sekretær i samråd med Inatur.

Vedtaket vert gjort med heimel i fjellova § 23 og 24.

Samrøystes vedteke.

Fjellstyret vedtek fyljande prisar for reinskort i 2018:

	2018
Fritt dyr	1900,-
S/u	1200,-
Kalv	600,-

Dobbel pris for utanbygdsbuande.

Vedtaket vert gjort med heimel i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning § 13.

Samrøystes vedteke.



UFS 18/18: Budsjett 2018

Saksdokument:

- 18/18 Framlegg til budsjett 2018

Saksutgreiing:

Framlegg til budsjett er satt opp med eit underskot grunna dei store investeringane fjellstyret skal gjennomføre i 2018. Det meste av dette skal aktiverast, og det er difor ikkje reelt med eit så stort underskot.

Framlegg til budsjett blir gått gjennom på møtet.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Framlegg til budsjett blei gått gjennom. Styret gjorde nokre endringar i budsjettet.

Vedtak (sak UFS 18/18):

Fjellstyret vedtek budsjettet med dei endringane som blei gjort på møtet.

Samrøystes vedteke.

UFS 19/18: Avtale med Skjold Beitelag om bruk av uthus på Raudåna

Saksdokument:

-19-18 Framlegg til avtale med Skjold Beitelag om bruk av uthus på Raudåna

Saksutgreiing:

Vedlagt utkast til avtale er sendt Skjold Beitelag for godkjenning. Dei har signalisert at dei godtek avtalen, men har ikkje fått styrebehandla saka før sakspapira blir sendt ut. Sakshandsamar tilrår at fjellstyret vedtek avtalen slik han ligg føre.



Framlegg til vedtak:

Ullensvang fjellstyre vedtek kontrakten med Skjold Beitelag.

Referat:

Kontrakten blei gått gjennom. Styret hadde ingen merknadar til kontrakten.

Vedtak (sak UFS 19/18):

Ullensvang fjellstyre vedtek kontrakten med Skjold Beitelag.

Samrøystes vedteke.

UFS 20/18: Kvoteforslag reinsjakta 2018

Saksdokument:

- 20-18 Høyering villreinkvote Hardangervidda 2018

Saksutgreiing:

Villreinutvalet har kome med framlegg til ei kvote på 1500, fordelt på 50 % (750 stk.) frie dyr, 25 % (375 stk.) simle/ungdyr og 25 % (375 stk.) kalv. Dei ynskjer eigne kalvekort, ikkje kalv på SU-kortet som dei siste åra.

Sakshandsamar har ikkje merknadar til villreinutvalet si utgreiing og viser vidare til denne.

Framlegg til vedtak:

Inga framlegg til vedtak.

Referat:

Framlegg til kvote frå villreinutvalet blei raskt gått gjennom. Styret blei einige om å gi fyljande høyringssvar:

- Ullensvang fjellstyre er einig i villreinutvalet si bestandsvurdering
- Ullensvang fjellstyre støttar villreinutvalet sitt framlegg til kvote
- Ullensvang fjellstyre meiner det ikkje er ok at blir drive jakt utan eit juridisk kontrollkort
- Ullensvang fjellstyre vil nytte seg av og respektere eit eventuelt kontrollkort utarbeida av villreinutvalet



Vedtak (sak UFS 20/18):

- Ullensvang fjellstyre er einig i villreinutvalet si bestandsvurdering
- Ullensvang fjellstyre støttar villreinutvalet sitt framlegg til kvote
- Ullensvang fjellstyre meiner det ikkje er ok at blir drive jakt utan eit juridisk kontrollkort
- Ullensvang fjellstyre vil nytte seg av og respektere eit eventuelt kontrollkort utarbeida av villreinutvalet

Samrøystes vedteke.

UFS 21/18: Eventuelt

Vårmøtet blir arrangert 6.-7. april på Gaustablikk Høyfjellshotell. Påmelding innan 20. mars. Sekretær sender ut innbydinga til styremedlemmene, og kvar enkelt gir ei tilbakemelding til sekretær om dei ynskjer å melda seg på.

Saker til Fellesstyret for Ullensvang statsallmenning:

Sakslista til møtet i Fellesstyret 19. mars er ikkje klar når innkallinga blir sendt ut.

Aktuelle saker til dette møtet er:

Fredingssonene i reinsjakta

Småviltjakt

Prisar fiskekort og småviltjakt 2018

Reguleringar reinsjakta 2018

Rekneskap 2017

Årsmelding 2017

Budsjett 2018